



UTESKULE

Kort introduksjon

Uteskule er ei pedagogisk arbeidsform som nyttar nærområdet og skogen for å integrere skulefag og læreplanen i undervisningstilbodet for barn og unge (Jordet, 2010, s. 56). Denne tilnærminga fremjar praktisk læring og stimulerer elevane sine sansar gjennom direkte erfaringar i nærmiljøet. Forsking viser at uteskule kan ha positiv innverknad på motivasjonen, samt den kognitive, sosiale og fysiske utviklinga hjå elevane (Fiskum & Huseby, 2014; Jordet, 2010).

For elevar på barneskule- og ungdomsnivå kan uteskule gje ei djupare forståing av fag som naturfag, matematikk, kroppsøving og samfunnsfag ved å knytte teoretisk kunnskap til praktiske aktiviteter. Til dømes kan biologifaget belyst ved å utforske biotopar i skog og myr, medan geografi kan studerast ved å observere landskapsformer og miljø. Uteskule legg til rette for variert undervisning, auka fysisk aktivitet og styrking av sosiale ferdigheiter, noko som bidreg til ei heilskapleg utvikling hos elevane.

Under her er faga norsk, naturfag og matematikk representerte, men også kompetansemål frå kroppsøving og kunst og handverk kan integrerast.

Døme som kan brukast i Ung lærar

Natursti

Naturstiar har fleire viktige funksjonar og formål. Først og fremst er dei eit pedagogisk verktøy som vert nytta til å undervise om naturfag, biologi, matematikk og geografi. Dette gjer at både

barn og vaksne får moglegheit til å oppdage og lære om ulike plantar, dyr og naturtypar på ein spennande måte. Å gå tur på natursti saman med vener er ein fin måte å byggja gode relasjonar. Samla sett spelar naturstiar ei viktig rolle i både læring, fysisk aktivitet, sosialt samvær og bevisstgjerings om miljøet.

- Inspirasjon til natursti: <https://undervisningsmetoder.com/2020/04/23/uteskole-natursti-i-matematikk/>
- Postar til natursti for alle trinn: <https://www.matematikk.org/matematikkstien/>

Bruk tal og former aktivt i rørsle

Det handlar om å gje elevane forskjellige oppgåver der dei skal bruke kroppane sine til å lage formar, vinklar, reknestykke ved å bruke addisjon, subtraksjon, multiplikasjon og divisjon.

- Spel musikk, når musikken stoppar seier læraren: Gå i grupper på 3 eller 4. (Læraren bestemmer gruppene).
- De skal lage matematiske former eller vinklar med hjelp av armar og bein.
- Andre døme kan vera å vise eit gitt tal eller å forma eit reknestykke. Her er det lov å vere kreativ. Døme: Korleis vil dei laga eit firetal? Kan dei vise reknestykket $3 + 4 = 7$.
- Statistikk er òg eit tema i matematikk som kan vera fint å arbeida med ute. Inspirasjon frå matematikksenteret: [Lang, lang linje – statistikk med kroppen](#)

Bokstavorientering – eventyrlege bokstavar (1. -4. trinn)

- Ta utgangspunkt i eit eventyr eller ein barnesong og vel eit ord eller eit namn på 4-8 bokstavar. Førearbeid: Bruk iPad til å ta bilde av 4-8 stader inne eller ute på skuleområdet som er mogleg for barna å finna att.
- Elevane får sjå bilde (av t.d. eit leikestativ) og på kvar stad prøver dei å finna lappen de har gøymt på førehand. Ein kan og gøyme lappene inne i noko, t.d. eit plastegg (frå kinderegg). Og i staden for bilde av kvar plass, kan ein skrive ei setning som skildrar kvar plass som dei skal prøva å finna. Del klassen inn i høvelege grupper.
- Følg barna rundt på jakta og la dei få komma på ord som startar på eller inneheld den bokstaven, medan dei går til neste.
- På kvar post får dei den nye oppgåva; den nye staden dei skal finna. Når alle bokstavane er funne, kan de setja dykk ned saman og snakka om kor de fann alle bokstavane, for å sjå om dei kan hugsa og skildra kor det var.
- La òg elevane få laga bokstavane med kroppane sine.
- **Kva skal me gjera med lappene tru?** Til slutt kjem høgdepunktet, som er å prøva å laga eit ord av bokstavane (som er ordet eller namnet de fann på i starten av oppgåva). Når

elevane, med hjelp av deg som Ung lærar, har kome fram til riktig namn, kan elevane få fortelja/snakka om eventyret/barnesongen som inneheld ordet. Aller helst fortelja eventyret, eller synge songen.

Finn bokstavar eller tal i naturen (1. trinn)

- **Bokstavar:** Snakk med elevane om alfabetet og kor mange bokstavar dei har lært. Har dei nokon gong sett bokstavar ute i naturen?
- **I del ein** kan ein først la elevane gå rundt for å leita etter symbola som liknar på bokstavar rundt seg i naturen. Dei kan få med seg iPadane og ta bilete av det dei finn. La de gjerne finna symbola på leikeapparata og slikt og.
- Når dei er ferdige, kan de ta ein **oppsummering** over dei bokstavane dei har funne. Set gjerne saman bokstavar til eit ord dei kjenner.
- **I del to kan** ein ta dei bokstavane ein har funne og be elevane finne ting rundt seg som begynner på den bokstaven. Noter alt barna finn, og gå gjennom alt dei har funne heilt til slutt. Kor mange bokstavar har me øvd på i dag?
- **Tal:** Snakk med elevane om dei veit korleis alle tala ser ut? Og om nokon gong har sett tal i naturen? Har dei tenkt på at eit tre kan vera eit eitt-tal og at eit tre med ei grein kan sjå ut som eit firetal? Ta med elevane med ut på jakt, for å finna ting ute som liknar på tal. Ta bilete av det dei finn med iPadane. Forsøk å laga reknestykket med bileta. Om det er tid kan elevane setja alle bileta saman til ein kollasj til slutt.

Inspirasjon:

[Jakten på bokstaver og tallsymboler i naturen | Matematikksenteret](#)

[Jakten på bokstavar og tall i naturen | Naturfagsenteret](#) (Tips: Øv på dei gode spørsmåla)

Planlegging av draumetimen med vekt på uteskule

Når ein skal planleggje ein pedagogisk aktivitet ved bruk av uteskule, er det fleire ting som er viktig å tenkja på:

- Kva er (lærings)måla for aktivitetane? Sjekk læreplanen for det aktuelle trinnet.
- Kva uteområde er tilgjengeleg?
- Kva utstyr treng de for å gjennomføra aktiviteten? (ballar, vestar, kjegler osv.)
- Korleis organisera aktivitetane i forhold til ver og vind?
- Kan de gjera tilpassingar slik at alle kan vera med?
- Tidsperspektiv (t.d. kor lang tid tek det å gå fram og tilbake til området de skal nytta)

Draumetimen steg for steg

No er det viktig at det er Ung lærar elevane som har ansvaret. Rolla til mentor blir meir ei observatør rolle under gjennomføringa av draumetimen.

Støtt Ung lærar ungdommane i å lage ein tydeleg start og slutt på draumetimen og at dei som «lærarar» **får øvd gjennom opplegget** før dei møter elevane på barneskulen.

Sjekk at kvar gruppe saman fyller ut **planleggingsskjemaet** og at *ungdomsskuleelevane* kan svara på følgjande spørsmål:

- *Kvar skal de vere når de startar aktiviteten? Er alt utstyret klart?*
- *Korleis startar aktiviteten? Kven har ansvaret då?*
- *Korleis avslutte aktiviteten? Kven har ansvaret då?*
- *Kven passar tida?*
- *Korleis har de tenkt at oppryddinga skal vera?*

Referansar

Fiskum, T. A., & Husby, J. A. (2014). Uteskoledidaktikk: ta fagene med ut. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Jordet, A. N. (2010). Klasserommet utenfor: tilpasset opplæring i et utvidet læringsrom. Cappelen akademisk.

Nettressursar

Naturfagsenteret: <https://www.naturfag.no/binfil/download2.php?tid=2104062>

Matematikksenteret:

<https://www.matematikksenteret.no/l%C3%A6ringsressurser/barnehage/jakten-p%C3%A5-bokstaver-og-tallsymboler-i-naturen>

Ung lærer: [Ung lærer – langsiktig lærerrekuttering - Høgskulen på Vestlandet](#)